

Kyrkja sin identitet og ny kyrkjeordning

Nokre merknader til framlegget om ny kyrkjeordning

Av Egil Morland

To korte dokument (høyringsnotatet og framlegg til kyrkjeordning) erstattar no det svært omfattande framlegget som vart trekt attende sist sommar. Det er klokt gjort.

Kyrkja sitt grunnlag (Skrifta og vedkjenningskriftene), hennar inndeling (i sokn og som landsdekkjande) og organisasjon (delte arbeidsgjevarliner) signaliserer at det meste skal vera som før. Inntil vidare.

Lokalt og sentralt

Med innstillingane og vedtaka i 2016/17 (som førebudde etableringa av det nasjonale rettssubjektet) gjorde Departementet det klårt at det ikkje hadde nokon intensjon om å endra tilhøvet mellom ulike nivå (sokneråd/bispedømeråd/ kyrkjemøte). Ein føresette at fordelinga av mynde var som før. Sokna, som i realiteten har vore rettssubjekt i mange hundre år, fekk dette lovfest i 1996.

Korleis vil kyrkja forvalta denne intensjonen? Eg meiner at ein med dette framlegget endrar balansen mellom lokalt og sentralt. Det vert rett nok kamuflert med ord som «tilnærmet uendret» og «i samsvar med dagens rettstilstand» (dette gjeld § 21 og 22 i kapittel 3). Men då talar vi om ein rettstilstand som Kyrkjemøtet sjølv har etablert, i strid med kyrkjeretten og kyrkelova.

I framlegget heiter det at soknemøtet «avgjer saker om innføring av gudstenestlege bøker i kyrkja når Kyrkjemøtet har overlate spørsmålet til avgjerd i soknemøtet. Soknemøtet avgjer også andre saker som blir overlate til soknemøtet å avgjere etter nærare føresegner av Kyrkjemøtet eller andre kyrkjelege organ.»

Dette er ei kraftig innstraming av soknet sitt mynde, og det står i fare for å tømme orda i § 6, om at soknet «er den grunnleggjande eininga i» kyrkja, for innhald. Det er ikkje i samsvar med korleis samtlege kyrkjerettsbøker opp til vår tid har framstilt denne saka. Etter luthersk lære er det dessutan den lokale forsamlinga som skal høyra og døma om forkynninga og liturgiane er i samsvar med Guds ord.

For så vidt som den lokale gudstenesteforsamlinga alltid vil vera staden der kyrkja «skjer», så kan ingenting endra på dette «grunnleggjande» faktum. Men det er særst viktig, ikkje minst i ei tid som så gjerne talar om den synlege kyrkja, at ordningane stadfester dette faktum. Framlegget vitnar på dette punktet om manglande tillit til den lokale kyrkja.

Kyrkja sin identitet

Det første kapitlet i framlegger «fastsetter hva som er kirkens læregrunnlag og definerer dens identitet som trossamfunn og folkekirke» (notatet). Dette er difor det viktigaste kapitlet, noko som også går fram av at siste paragrafen (§ 50) slær fast at endringsframlegg til kapittel 1 må følgja prosedyre som liknar på grunnlovsendingar i Stortinget.

I § 1 vert læregrunnlaget slege fast. For første gang sidan 1687 vert det her kodifisert at kyrkja sitt læregrunnlag er som før: Skrifta, dei tre oldkyrkjelege vedkjenningane, den augsburgske vedkjenninga (CA) og Luthers vesle katekisme.

Dei neste paragrafane (2-5) gjev eit forvirrande inntrykk. Dei reflekterer berre delvis det som etter læregrunnlaget definerer denne kyrkja, altså kva som faktisk gjev henne identitet. Og dei utelet heilt det som er den raude tråden i ein evangelisk-luthersk identitet, slik tilsvarande artiklar i CA teiknar det.

Konkret: Framlegget snakkar om dåp og teneste (§ 3), om kyrkja sitt oppdrag (§ 4) og om tenestefellesskapet og dei vigsla tenestene (§ 5). Det skjer som ei blanding av teologiske utsegner og kyrkjepolitiske visjonar.

I § 3 i framlegget til kyrkjeordning les vi t.d.: «I dåpen til den treeinige Guds namn blir mennesket sameint med Kristus og innlemma i den kristne kyrkja. Dåp er ein føresetnad for å vere medlem i Den norske kyrkja. Alle døypte er kalla til å tene Gud og medmenneske og å ta del i kyrkja sitt liv.» I § 4 heiter det at «Den norske kyrkja skal forkynde evangeliet, forvalte sakramenta og utøve nestekjærleik. I gudstenesta samlar kyrkjelyden seg ...»

Etter vår vedkjenning er det annleis. Det er den konkrete «forsamlinga av dei heilage, der evangeliet vert lært reint og sakramenta forvalta rett» (CA 7), som er kyrkja. Kyrkja er ikkje der ute ein stad, som no og då samlar seg.

Framlegget klipper over den raude tråden som CA held fast på: trua. Den er nemnt eit dusin gonger i artiklane 4-8. Den er nøkkelen i rettferdigginginga, den er målet for nådemiddeltenesta, og oppdraget spring ut av at trua bør bere gode frukter. Katekisma lærer heilt tydeleg at dåpen kviler på Guds ord «som er med og hjå vatnet, og trua som lit trygt på Guds ord i vatnet.»

Læra om trua «bør vere den gjævaste i kyrkja», heiter det i CA 20. Men i dette dokumentet som skal uttrykkja kyrkja sin *identitet*, og som venteleg og vonleg vil verta ståande for lang tid, er ikkje trua nemnt ein einaste gong.

Eg vil be om at det vert gjort noko med dette. Problemet er altså at kapittel 1 i framlegget ikkje berre vil seia noko om medlemskap og rettar som følgjer av det, men om kyrkja si tru og hennar identitet og om trua sine frukter (CA 6). Det er kyrkja sin skatt, som altså ikkje eingong eit kyrkjemøte kan endra utan etter streng prosedyre, det dreier seg om her.

Framlegget forsterkar såleis utviklinga frå dei seinare års kyrkjedebatt, der inntrykket er at vi har ei lære om «dåpen åleine». Men det har vi ikkje. Derimot har vi ei lære om trua åleine, og om Kristus åleine, nåden åleine og Skrifta åleine.

Det er vanskeleg å konkludere annleis enn at i iveren etter å gje folkekyrkjeomgrepet innhald, så er det berre folkekyrkjeideologien som maktar den oppgåva i vår tid.